



Notat

Dato: 16.09.2016
Arkivsak: 2016/1270-31
Saksbehandlar: berroks

Til: Linda Farestveit, Svein Leidulf Heggheim

Frå: Berit Roksvåg

Søknad om utanlandsreiser hausten 2016

Eg søker om godkjenning av følgjande reiser hausten 2016:

Torsdag 29. september – laurdag 1. oktober – Gøteborg

I samband med det nordiske samarbeidet og VUK 16 sender HFK seks elevar og ein følgjelærer til Gøteborg i tidsrommet 25. september – 1. oktober. Lene Fjeldsbø, Thor Eirik Haugstad og eg reiser til Gøteborg for å møte elevane, møte nordiske kollegaer og vere med på framsyning av gruppearbeida og delta på festmiddag fredag kveld. Vi reiser heim saman med elevane laurdag morgon.

Måndag 10. – torsdag 13. oktober – Normandie

Unn Fauskanger og eg reiser for å møte nye kontaktpersonar i samarbeidet. Vi ønskjer også å diskutere nye rutinar våre franske kollegaer har innført frå dette skuleåret og spesielt diskutere tilhøva for elevane etter at dei har blitt plasserte på forskjellige internat. Eg skal ha møte med administrasjonen i den nye regionen om dei franske elevane som kjem til Hordaland våren 2017. På grunn av den lange reisa blir det to reisedagar og to dagar til møte.

Laurdag 22. oktober – måndag 24. oktober - Cardiff

Det er no oppretta kontakt med skuleadministrasjonen i Cardiff på saksbehandlarnivå, og eg ønskjer å bli betre kjend med opplegget i Wales. Eg reiser saman med koordinator på Knarvik vgs som skal ha eit norskseminar med elevane den aktuelle helga. Eg skal møte elevane laurdagen.

Tysdag 15. – torsdag 17. november - Åbo

I samband med nordisk lærarutveksling er det skulesjefsmøte i Åbo i tidsrommet 15. – 17. november. Deltakarar frå Opplæringsavdelinga er Hillevi Runshaug, Linda Farestveit og Berit Roksvåg.

Alle utgiftene vil bli dekte av internasjonaliseringsbudsjettet.